



Når julegrana i sentrum vert tent, så er det ingen tvil om kva høgtid vi går i møte. I år skjer det den 1. desember. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I desember månad plar det vera tett mellom dei ulike juleavslutningane. Slik blir det nok også i år. Ved skulane våre er dei godt i gong med planleggingane av desse arrangementa, og både ved Rosendal ungdomsskule og Uskedalen oppvekstsenter skal det skje mykje før dei tar juleferie.**

Verksemdsleiar Vidar Haugland fortel at dei så langt har datofesta og gjort avtalar for dei ulike arrangementa. Avslutningsfesten for skulen vert i år måndag 18. desember, og arrangementet vert i år lagt til Dønhaug. Dette vart prøvt for nokre år sidan, og det vart opplevd som svært vellukka frå alle hald. Derfor det lett å skjønna at dei prøver å gjenta dette. Barnehagen skal sjølv sagt også ha sin avslutningsfest. Den vert nokre dagar tidlegare, onsdag 13. desember klokka 1700. Før dei kjem så langt, har dei avvikla den tradisjonelle adventsgudstenesta. Den vert i år tirsdag 12. desember.

Program og innhald for dei ulike arrangementa er ikkje klart enno. Det er under arbeid, og vi vil koma attende til det når meir er klarlagt.

Ved Rosendal ungdomsskule går dei også inn i ein aktiv periode. Inspektør ved skulen, Arve Lunestad, kan fortelja at gjennomføringane av juleentamen i dei ulike faga er alt i gang. Når dei er ferdig avvikla, er dei klar til å gjennomføra eit variert, godt og velprøvt avslutningsprogram.

For elevane er nok juleballet den 14. desember høgdepunktet. Då vert det program ved 10. klasseelevane før det er klart for matøkt og påfølgjande diskotek/dans. Juleballet har vorte ein tradisjon som er godt innarbeidd gjennom mange år. Forventningsfulle elevar stiller i finstasen kvart år, og dei set stor pris på dette arrangementet.

19. desember er det klart for populær volleyballturnering mellom klassane. Her plar det vera både god innsats og kjemping, pakka inn i spent stemning i gymsalen. Dagen etter, den 20. desember, er det først gudsteneste før det er klart for prestisjeoppgjær i volleyball. Då møtest elevane og eit toppa lærarlag. Etter dette er det tid for ein velfortent juleferie.

Ac Thor Inge Døssland